



Statens vegvesen

Trygg Trafikk avd. Hordaland
Postboks 7900
5020 BERGEN

Knut Olav R Nestås

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/187696-24

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.06.2019

Svar – Merknad til reguleringsplan – Fv. 409 – Radøy kommune



Vi syner til spørsmål knytt til godkjent reguleringsplan på Nordbø i Radøy kommune.

Området du viser til var nyleg regulert gjennom planarbeidet *Bø skule og barnehage (2018)*. Sidan området er regulert ber eg deg ta kontakt med Radøy kommune som er rett planmynde, dersom du har konkrete spørsmål knytt til planarbeidet og særleg spørsmål knytt til den kommunale vegen (fartsgrense, trafikkmengde, vegstandard mm).

Historikken i planarbeidet er det og kommunen som må svare på. Men etter det vi kjenner til har den nye planen avløyste ein eldre plan frå 1994. Den eldre planen la til rette for å opparbeide nytt kryss til Nordbø ved skulen, og stenge den eksisterande. Det var ei trafikktryggleiksvurdering som låg bak denne avgjersla, og den var ein føresetnad for planarbeidet. Slik vi har forstått bebruarane på Nordbø er det dette krysset dei ynskjer å opne opp for å redusere trafikk forbi bustadene.

I området rundt skulen er det utført ei rekke trafikktryggingstiltak på fylkesvegen, under dette nedsett fartsgrense (30km/t), opparbeiding av gangfelt og etablering av forsterka belysning. Når det gjeld trafikktryggingstiltak på den kommunale vegen, må dette spørsmålet rettast til kommunen som rett mynde. Også spørsmål om forvaltning av den kommunale vegen må rettast til kommunen.

Statens vegvesen uttaler seg i saker som forvaltar av riksvegar på vegner av Staten og til fylkeskommunale vegar i på vegner av fylkeskommunen. Vi har og sektoransvar som inneber at vi kan gje motsegn til planar etter plan- og bygningslova dersom nasjonale mål er utfordra. Vedlagt følgjer våre to uttaler til planarbeidet. Dersom du ynskjer all korrespondanse i saka ber vi om at du spesifiserer dette.



T.v reguleringsplan for Nordbø (1994) som planmessig legg til rette for eit nytt kryss mellom kommunal veg og fylkesveg og stenging av det gamle kryssområdet. T.h nyleg vedtatt reguleringsplan for same område.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER
Bebuarane på Nordbø,

Vedlegg :
Uttale til oppstart datert 24.01.2017
Uttale til offentlig ettersyn 22.08.2018.



Statens vegvesen

Forum Arkitekter AS
Damsgårdsveien 16
5058 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/187696-2

Dykkar referanse:
2308_171019

Vår dato:
24.11.2017


Uttale til oppstart – Områdeplan for Bø skule og barnehage – Fv. 409 – Gnr. 24 bnr. 22 66 og 211 m.fl. – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 27.10.2017. Frist for merknader er 24.11.2017.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), stateleg planretningsline for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av fylkesveg på vegner av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Kva saka gjeld:

Det er meldt oppstart for *Områdeplan Bø skule og barnehage m.fl* i Radøy kommune. Planområdet er lokalisert ved Bøvågen og er om lag 35,7 daa. Fylkesveg 409 ligg aust for plangrensa. Området er i stor grad utbygd etter ein eldre plan, *Nordbø (1994)*. Planen sitt føremål er å leggje til rette for ny barnehage på gnr. 24 bnr. 22, 211 og 66.



Figur: Planområde lokalisert nordvest for fv. 409.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Generelt:

Statens vegvesen bed om at følgjande tema vert tekne omsyn til i reguleringsprosessar:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m)
- Tilhøva for mjuke trafikantar innan planområdet og mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplass, skule m.m).
- Byggjegrense til fylkesveg.
- Vegtrafikkstøy.
- Tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.
- Universell utforming.

Statens vegvesen har følgjande konkrete innspel til arbeidet med reguleringsplanen:

Radøy kommune har pågåande planarbeid i området (Kommunedelplan (KDP) for Bø / Områdeplan for Bøvågen). Eit viktig plantema i dette planarbeidet er infrastruktur. I vår uttale til dette planarbeidet har vi uttalt at planarbeidet må sikre nok areal langs fylkesvegen slik at ein kan utbetre fylkesvegen. Vi har og meint at det bør leggjast til rette for tilbod til mjuke trafikantar på begge sider av vegen.

Statens vegvesen meiner det er relevant å trekke inn arbeidet med KDP Bø som no er på høyring, og vi meiner at infrastrukturen i dei to planane må sjåast i samanheng.

Plangrense:

Statens vegvesen setter krav til at plangrensa vert utvida til å omfatte fylkesvegen langs heile planområdet. Fylkesvegen er smal på strekninga og har for det meste berre ei køyrebane. Det er ikkje fortau eller gang- og sykkelveg på strekninga. Det er behov for å sjå på utbetring av fylkesvegen samt å sikre tilstrekkeleg areal til mjuke trafikantar.

Tilknytning til fylkesvegnettet.

Sjå merknad om plangrense.

Trafikk og trafikktryggleik:

Trafikktryggleiken må vurderast særleg i planarbeidet. Det må utarbeidast ei trafikkanalyse som skildrar dagens situasjon i området, og som må leggjast til grunn for det vidare planarbeidet. Det er utført fleire trafikktryggleikstiltak langs fylkesvegen dei seinare åra med mellom anna fartsdemping og belysning.

Byggjegrense langs veg:

Den generelle byggjegrensa langs fylkesveg er 50 meter. På denne strekninga har vi tidlegare sagt at vi kan akseptere ei byggjegrense på 30 meter. Så lenge vegsituasjonen ikkje er avklart meiner vi at det må oppretthaldast ei streng haldning til byggjegrensa. Dette for å sikre nok areal til ei utbetring av fylkesvegen, samt tilrettelegging for mjuke trafikantar og naudsynt sideareal.

Vi minner elles byggjeforbodet innanfor byggjegrensa gjeld alle tiltak, også til dømes murer, parkeringsareal, utsprengte og utgravne rom m.v.

Kart og føresegner skal vere eintydige.

Busshaldeplass:

Dagens busstopp er ikkje bygd i samsvar med plan. Vi rår til at plangrensa vert utvida til også å omfatte busstoppet ved skulen slik at denne vert formalisert.

Rekkefølgjekrav

Basert på omfanget av planlagt utbygging vil vi vurdere om det skal stillast krav om rekkjefølgje for veg- og trafikktryggleikstiltak.

Vidare planarbeid:

I det vidare planarbeidet vil Statens vegvesen ha fokus på tilhøvet til mjuke trafikantar, utforming av kryss og avkøyrslar, byggjegrænse mot veg og universell utforming. Planarbeidet må sikre nok areal langs fylkesvegen til at ein både kan utbetre vegen og leggje til rette for tilbod til mjuke trafikantar på både sider av fylkesvegen.

Statens vegvesen setter krav om at plangrensa vert utvida til å omfatte fylkesveg 409 med tilstrekkeleg sideareal.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/187696-11

Dykkar referanse:
17/1990 - 18/11142

Vår dato:
22.08.2018

Uttale – Offentleg ettersyn – Områderegulering – Fv. 409 – Bø skule og barnehage – Gnr. 24 bnr. 22, 66 m.fl – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 20.07.2018 med varsel om høyring av områdeplan for Bø skule og barnehage på Bøvågen, Radøy kommune.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningsline for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert tekne i vare i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Kva saka gjeld:

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ny kommunal barnehage i tettstaden Bø. Den gamle barnehagen som står på tomte skal rivast og vert erstatta med ein ny.

Området er allereie utbygd og regulert gjennom eit eldre planarbeid. Planområdet omfattar barnehagetomta, Hordabø barneskule, eit kombinert byggje- og anleggsområde, eit par bustadtomter, kommunal veg Nordbøvegen og del av fylkesveg 409 forbi planområdet.

Planframlegget flateregulerer i stor grad eksisterande situasjon. Den nye barnehagen vil ha om lag same kapasitet som eksisterande barnehage, og det vert ikkje lagt opp til vesentlege endringar i arealbruken. Tilkomst til barnehagen går om kommunal veg Nordbøvegen, forbi Hordabø skule, slik det er regulert i dag. Innan planområdet er det utført fleire trafikktryggingstiltak, mellom anna nedsett fartsgrense, fartsdumpar og auka belysning.

Uttale:

Plangrensa er utvida i høve til oppstartsmeldinga, slik at også fylkesvegen forbi planområdet er blitt del av planområdet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen har tidlegare fått tilsendt tekniske teikningar for fylkesvegen og har uttalt oss til desse i brev av 19.04.2018. Vi har med bakgrunn i dette mellom anna akseptert ei byggjegrænse på 15 meter på denne strekninga. Vi vil også særleg poengtere behovet areal til annan veggrunn «AVG» slik det vart skissert i merknadene våre i same brev, og at det må vere tilgang til skjeringa frå oversida av fylkesvegen, slik at dette arealet ikkje vert nedbygd.

Vi har i tillegg desse nye merknadene til planen:

- Med bakgrunn i at dette er eit område der mange barn og unge ferdast er det særleg viktig å ha fokus på trafikktryggleiken. Det gjeld særleg å finne gode løysingar for gangsamband, hente / bringe, parkering, trygg kryssing av veg, varelevering med meir. Vi ser at problemstillingane er drøfta i planskildringa pkt. 5.4, men meiner likevel at planframlegget i større grad kunne drøfta og synleggjort dette.
- Planframlegget regulerer i stor grad eksisterande forhold for tilbod til mjuke trafikantar. Vi meiner at det bør vere ein heilskapleg standard og breidde for alle fortau og gang- og sykkelveggar innan planområdet. Minimumsbreidde på fortau bør vere 2,5 meter, mellom anna av omsyn til drift av anlegget. Eit anna døme er o_SGS og o_SF9 som er samanhengande og som bør ha same føremål, standard og breidde på heile strekninga.
- Vi har ikkje mottatt ny C-teikning der fortau o_SFS er synt saman med fylkesvegen, slik vi bad om i vår førre tilbakemelding.
- Det er teikna inn frisisiktsoner i kryss og avkøyrslar. Frisikt i krysset mellom Nordbøvegen og fylkesvegen skal vere minimum 6x24 meter. Dette må kome fram av plankart og føresegner.
- I ROS – analysen kjem det fram at ein skal minke risiko for ulykker i anleggperioden ved at det skal opparbeidast ei mellombels avkøyrslar. Vi vil syne til at reguleringsplanen ikkje gjev heimel for dette og eit slikt tiltak må søkjast om. Ein eventuell søknad må syne ei trafikksikker løysing for tiltaket, før vi kan ta endeleg stilling til dette.

Vi ber om at våre merknader vert tatt omsyn til og innarbeidd i planframlegget.

Plan og forvaltning, Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN